

**Møteprotokoll**

Utval:	Fitjar kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset,
Dato:	26.11.2025
Tid:	10:00 - 11:05

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Elisabeth Rydland Sæbø	Nestleiar (fungerande utvalsleiar)	SP
Bjørg Tislevoll	Medlem	H
Rolf Atle Rolfsnes	Medlem	KRF

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Aleksander Skogsrud	LEDER	AP
Johan Ove Sørffonn	MEDL	INP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Thomas Bøe Slettemark	Johan Ove Sørffonn	INP

Andre som møtte:

Malene Hopsdal Grønningen, rådgjevar Vestland fylkeskommune.

Rachel Fleten Klyve, manager v. Deloitte AS.

Amy McEwan-Strand, seniorkonsulent v. Deloitte AS.

Kjell Aleksander Skogsrud
utvalsleiar

Malene Hopsdal Grønningen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 11/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 12/25	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 10.09.2025	2024/23	
	Politiske saker		
PS 24/25	Bestilling av forvaltningrevisjon eller eigarskapskontroll	2023/389	
PS 25/25	Deloitte AS presenterer interimrevisjonsrapport 2025	2023/501	
PS 26/25	Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig høve Fitjar kommune	2024/88	
PS 27/25	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2023/499	
PS 28/25	Eventuelt	2023/498	
	Referat saker		
RS 9/25	Årsmelding 2024-2025 Mobbeombodet i Vestland	2024/13	
RS 10/25	VS: Velkommen til Kontrollutvalgskonferansen 2026	2024/13	
RS 11/25	Nyhetsbrev fra FKT - velkommen til webinar	2024/13	

GK 11/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 26.11.2025 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vararepresentant Thomas Bøe Slettemark hadde ein kommentar til innkallinga og bad om at kontaktskjemaet blir oppdatert med korrekt kontaktinformasjon for han.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 12/25 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 10.09.2025

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 10.09.2025 vert godkjent.

Saksprotokoll 26.11.2025 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknad til møteprotokoll frå møte 10.09.2025.

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 10.09.2025 vert godkjent.

PS 24/25 Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll innan

2. Deloitte AS vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gitt, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 08.01.2026.
4. Prosjektplanen skal behandlast i første møte i kontrollutvalet i 2026.

Saksprotokoll 26.11.2025 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalet drøfta aktuelle tema for forvaltningsrevisjon.

Det mest aktuelle temaet i diskusjonen var tema 4: Forvaltningsrevisjon av det tidlegare Stord- og Fitjar landbruks- og miljøkontor.

Det vart påpeikt at eininga no heiter Landbruks- og miljøkontoret på Fitjar.

Forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av Landbruks- og miljøkontoret på Fitjar, innan første møte i hausthalvåret 2026.
2. Deloitte AS vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gitt, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan vert levert sekretariatet seinast innan 08.01.2026.
4. Prosjektplanen skal behandlast i første møte i kontrollutvalet i 2026.

PS 25/25 Deloitte AS presenterer interimrevisjonsrapport 2025

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek oppsummering etter interimrevisjon 2025 frå Deloitte AS til orientering.

Saksprotokoll 26.11.2025 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rachel Fleten Klyve frå Deloitte AS svara ut spørsmåla frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek oppsummering etter interimstrevisjon 2025 frå Deloitte AS til orientering.

PS 26/25 Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig høve Fitjar kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek eigenvurderinga frå partner Unni-Renate Moe, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Fitjar kommune, til etterretning.

Saksprotokoll 26.11.2025 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek eigenvurderinga frå partner Unni-Renate Moe, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Fitjar kommune, til etterretning.

PS 27/25 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 26.11.2025 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalet orienterte om relevante saker frå sine respektive politiske organ.

På grunn av noko fråfall i oppmøtet vart det gjennomført ei kort gjennomgang av relevante møteprotokollar direkte i møtet.

Det vart ikkje meldt inn saker til vidare oppfølging.

Forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

PS 28/25 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 26.11.2025 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet diskuterte møtedato for første møte i 2026.

Av omsyn til framdrifta knytt til bestillinga av forvaltningsrevisjonen vart det fastsett at første møtedato vert 21.01.2026.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

RS 9/25 Årsmelding 2024-2025 Mobbeombodet i Vestland

Saksprotokoll 26.11.2025 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalet drøfta rapporten frå Mobbeombodet og uttrykte at dei opplevde rapporten som interessant.

Vedtak

Kontrollutvalet tek referatsaka til orientering.

RS 10/25 VS: Velkommen til Kontrollutvalgskonferansen 2026

Saksprotokoll 26.11.2025 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak

Kontrollutvalet tek referatsaka til orientering.

RS 11/25 Nyhetsbrev fra FKT - velkommen til webinar

Saksprotokoll 26.11.2025 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak

Kontrollutvalet tek referatsaka til orientering.